



STORD
KOMMUNE



Kvinnherad kommune v/ Formannskapet

Vår dato: 11.09.2018
Vår ref: 2010/357 - 20579/2018 / 201305
Dykkar ref:

Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad: konsekvensar av vedtak i Stord formannskap

Vi er gjort kjent med at det er ettersendt ei sak til formannskapet i Kvinnherad der innstillinga er å oppmoda Hordaland fylkeskommune om å overta planarbeidet som regional plan, eventuelt at saka vert lagt fram for departementet med sikte på å vidareføra planarbeidet.

Vi vil med dette presisera at vedtaket i Stord formannskap *ikkje* betyr at Stord kommune trekkjer seg ut av planarbeidet. Men vilkåra for planarbeidet er grunnleggande endra ved at departementet har gjort greie for at prosjektet ikkje let seg finansiere ved ferjeavløysingsmidlar. Når fylkeskommunen i tillegg er tydelege på at dei ikkje har høve til å finansiere det nye ferjesambandet, ser me ikkje at det er realistisk å få gjennomført prosjektet. Saksutgreiinga til Kvinnherad kommune opplyser ikkje om at gjennomføringsevne har vore eit kriterium som dei to kommunane har vore einige om gjennom heile prosessen.

Vi ser derfor heller ikkje at det skal vera grunnlag for overføra ansvaret for planarbeidet til fylkeskommunen eller å krevja departementalt pålegg: Uavhengig av plantype må finansieringa avklarast.

I Stord kommune ynskjer vi eit godt og effektivt samband mot Kvinnherad, og dette arbeider vi framleis for. Vi kan likevel ikkje gå på tvers av reglane i plan- og bygningslova om å dimensjonere alt planarbeid etter økonomisk berekraft og gjennomføringsevne.

Innstilling i saka er ikkje eigna til å skape godt samarbeidsklima mellom kommunane. Vi oppmodar formannskap og kommunestyre i Kvinnherad om å ikkje slutta seg til innstillinga men i staden, saman med Stord kommune og fylkeskommunen, bruk energien på å arbeida mot regjering og Storting for å sikra finansiering av sambandet.

Med helsing

Gaute Epland
ordførar

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Rådmannen

Rådhuset
post@stord.kommune.no

Telefon
53 49 68 18

Org.nr
939 866 914

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordførar